

## Hage (gnr. 87)

Hage: Namn som truleg kjem av hagi, hage, hamn. Uttalen av namnet har i bygdemålet vore Hågå. Garden ligg slik til at han tidleg vart ein sentral stad i grenda Søre Ål.

I skrivne kjelder finn vi garden først nemnt i eit skattemanntal av 1560-61, og namnet på brukaren der er da skrivi Eivindt Haug. Den utlikna skatten var ”2 faar”, som var det same som for Skikstad, Simenrud og Tollersrud. Ved utlikninga av tiendes katt i 1604 er gardnamnet skrivi Haage, og utlikninga var 1 ½ tønne, som for Seter og Randgard. I 1610 var det Erich som var brukar på Hage, og han er og nemnt i 1611. Ti år seinare heitte brukaren på ein ”Ødegaard i Faaberg” Lucas Hauge, og etter åtte år var det ein kvinneleg brukar der, Guri Hauge.

Frå 1628 er så ei kjend gamal straffesak: Oluf Paalsen Hauge vart anklaga fordi i eit slagsmål med Oluf Breiset hadde han brukt kniv og skore Oluf Breiset i handa, så han døde av blodtapet. Men ved ein ti manns lagrettdom vart Oluf Hauge frikjend for drap, da det kom fram at Oluf Breiset, som døde 14 dagar etter slagsmålet, sjølv skulle ha opna såret att. Oluf Hage fekk likevel ei bot til fredkjøp for 12 dlr.

I 1657 var garden Hage vorte delt i to bruk. Og Gunder hadde den eine garden og Oluf den andre. Det er vidare opplyst at husdyrhaldet hos Gunder var 2 hestar, 5 naut og 5 sauer, og hos Oluf 1 hest, 5 naut og 5 sauer. – Elleve år seinare er det i matrikkelen av 1668 fortalt at Gunder og Paul hadde garden i saman, at landskylda der var en hud eller 12 skinn, som brukarane sjøl åtte. Vidare er det og oppgitt at enga, innmarka på garden var god, og at meir kunne dyrkast. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 8 naut, og korntienda vart utreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 15 tønner.

År 1683 går det atter tydeleg fram at Hage var delt i to gardar, og at Halvor Gundersen og kona hans, Sønnøv, da gav skjøte til Paul Gundersen Haage på grd. Haage av skyld 6 skinn. Av eit skifte i 1713 går det vidare fram at den garden det her gjeld var ”syndre Haage”. I denne tid heitte elles brukaren på nordre Hage og Paul, Paul Olufsen.

Ti år seinare kom matrikkelframlegget av 1723 med fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Hagegardane fortalt at kvar av dei da hadde fått ein del av Roterud, Roterud av skyld 1 skinn, som underbruk. Men desse parsellane tilhørde Kongen og var bygselgoods, medan Hagegardane framleis var bondegods.

Husdyrhaldet på kvar av gardane var da 2 hestar, 10 naut og 18 småkrøter. Det er elles opplyst at dei to grannegardane hadde ordna seg så dei hadde kvernbruk isaman. – Åtte år seinare fekk i 1731 Paul Larsen på nordre Hage bygselseddel av foged Stenersen på ei graslykkje på Store Kvandalen.

Plassen Hagestuen er nemnt i 1736. Fogden hadde da innstemnt Peder Paulsen Hagestuen ”fordi han imot øvrighetens ordre huser og hæler den fredløse Anders Larsen kallet Døv-Anders”.

I 1748 var det Gunder Paulsen som åtte søndre Hage. Han selde da ”grd. Hage med underliggende halve Roterud, av skyld 7 skind”. – To år seinare gav i 1750 Paul nordre Hage festebrev til 8 av grannane sine på eit krøklevarp på Hages grunn, og i 1757 fekk sonen Lars Paulsen søskenskjøte på grd. Norde Hage av skyld 7 skinn for kjøpesum 320 rd. – Lars Paulsen hadde så Nordre Hage til i 1765, da han selde Hage nordre av skyld 6 skinn til Ole Halvorsen Trongerud, men da var engelandet Roterud av skyld 1 skinn unntatt. – Same året, altså i 1765, var elles skifte på Søndre Hage etter Syver Gundersen, der ”grd. Søndre Hage med underliggende engeland Roterud av skyld 7 skind blev ansatt for 380 rd., og er utlagt til boets kreditorer”. Året etter fekk så i 1766 sonen Gunder Syversen søskenskjøte på ættegarden Søndre Hage, framleis av skyld 7 skinn, for 380 rd. nettopp same året var det vidare også ein handel med Hage nordre, med di Lars Paulsen da kjøpte att garden, framleis av skyld 6 skinn for kjøpesum

460 rd. To år seinare vart så Nordre Hage delt, med di Lars Paulsen da selde det halve av garden, Nordre Hage av skyld 3 skinn, til Christen Larsen Hage for 230 rd. + føderåd, og det andre halve, også Nordre hage av skyld 3 skinn, til Erich Paulsen for sum 230 rd. + føderåd.

Etter atter 4 år var det så vidare ein handel med Hage søre. Husbonden Gunder Syversen gav da skjøte til Ragnhild Christensdr. Ulven, Ringsaker på ”Roterud engeland av skyld 1 ½ skind for 200 rd”. – Hermed har ein altså opphavet til at dette jordstykket i lange tider seinare vart kalla Ulvenenga. – Roterud Engeland for det andre halve skinn låg framleis til søre Hage, der Gunder Syversen brukte Hage til i 1776. Da skjøta han ”grd. Hage med Roterud av skyld 9 skind” til sersjant Peder Hammer for kjøpesum 900 rd.

Peder Pedersen Hammer hadde Hage søre framleis i 1786. Han lånte da 450 rd. av Amund Torgersen Hoff mot 1.pr.pant i grd. Hage, da av skyld 6 skinn. Men same året gav og Peder Pedersen skjøte til major Falck på Søndre Hage, framleis av skyld 6 skinn, for 650 rd. Major Falck tok så over obligasjonen til Amund Hoff på 450 rd.

I åra 1790-91 hadde major Falck ei sak med husmannen sin, Gunder Hagebakken. Saka var fore på fleire tingmøte, og vart den 18. Juni 1791 dømt slik: ”18. Juni 1791. Dom inf. i dompr. 2 fol 45. Indstevnte har ved det av forrige eier av grd. Hage utstedte føderådsbrev av 26. juni 1776 fått overdraget bruken av plassen for sin og sin hustrus levetid, og citanten kan av sitt senere mottagne skjøte lese sig til denne heftelse på gården. Ti kjennes for rett: Innstevnte Gunder Syversen bør for citanten major v. Falcks tiltale i denne sak fri at være. Prosessens omkostninger oppheves”.

På søre Hage hadde elles i 1799 major Falck gitt skjøte til Amund Torgersen Hoff, men dette skjøtet vart den 30. sept. s. å. avlyst til overtaking av løytnant Lars Johannes Irgens; men ved auksjon av 18. april 1801 kjøpte så Peder Larsen Hammeren og Jacob Erlandsen Hindklev grd. Hage søre av skyld 6 skinn, for kjøpesum 1350 rd.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 seks familiar på Hage nordre og to familiar på Hage søre. Dei seks familiar på Hage nordre var: 1. familie: 1. Nils Amundsen, husbonden, 44 år, 2. Eli Toresdr., kona hans, 26 år, 3. Eli, dotter deres, 9 år, 4. Kari, dotter deres, 6 år, 5. Sønnøv Haraldsdr., tenestkvinne, 23 år, 6. Engebret Pedersen, legdbarn, 12 år. 2. familie: 1. Thore Amundsen, føderådsmann, 55 år, 2. Kari Larsdr., kona hans, 53 år. 3. familie: 1. Ole Paulsen, husmann med jord, 71 år, 2. Marit Christensdr., kona hans, 71 år. 4. Familie: 1. Ole Johansen, husmann med jord, 40 år, 2. Inga Oldstr., kona hans, 32 år, 3. Johannes, son deres, 2 år. 5. familie: 1. Paul Olsen, husmann m/jord, murarmeistar, 50 år, 2. Christen Paulsen, 13 år, 3. Marit Svendsdr., hushjelp, 35 år, 4. Marit, dotter, 1 år. 6. familie: 1. Svend Olsen, husmann med jord, 46 år, 2. Eli Oldstr., kona hans, 59 år, 3. Berit Hansdr., mor til husbonden, føderådskone, 76 år.

Dei to familiene på Hage søre var: 1. familie: 1. Peder Larsen, husbonden, 31 år, 2. Christence Jonasdr., kona hans, 24 år, 3. Lars, son deres, 3 år, 4. Ingeborg, dotter deres, 1 år, 5. Sigrid Hansdr., tenestkvinne, 15 år, 6. Kari Pedersdr., føderådskvinne, 84 år. 2. familie: 1. Gunder Siverson, husmann med jord, 60 år, 2. Martha Rasmusdr., kona hans, 46 år, 3. Sessel, dotter deres, 11 år, 4. Kari, dotter deres, 9 år, 5. Siri, dotter deres, 5 år, 6. Siver, son deres, 3 år.

Husmannsplassane under Hågå var i den tid m. a. Hågåbakken, Haugen, Aaretbakken, Hågåstuløkka, Hågåstugua.

Litt om pengeverdet i den tid går fram av eit kommisjonsforlik av 1. juli 1802: Peder Larsen søre Hage hadde da lånt 99 rd. av Kristen Olsen Kastruengen, og Peder Hage pantsette mot lånet alt sitt ”løsøre, som består i følgende: 2 Hæster, 8 a 9 stkr. Fæe Creature, 10 a 12 stkr. Sauv, een 2 Etage Kaklovn, et Nornberger Slag Uhr, et Chatold med Skiænk paa, en under og en over Dyne, en Bagstegang, en stor Gryde og en mindre Do, en Kirke Sæhle med behør, 2 Plouger med Behør, og en Jern harv, og hva andet av mindre Værdie kand findes”. Mot dette lova Kristen å la pengane stå i lånet så lenge dei årlege rentene vart svara. – Frå to år seinare er ei tinglyst semje mellom Gunner Syversen Hagehaugen

og Peder Jørgensen Hammerseng, der Gunner overdro ”til bruk og besiddelse for 3 år fra sidstl. 14. april 1804 sin plass Hagehaugen til Peder Jørgensen Hammerseng for årleg avgift 10 rd. Også denne saka kastar ls over dette med pengeverdet i den tid. Etter dette går vi over til å føre saga åt dei to Hage-gardane fram til 1939 kvar for seg:

### Hage nordre

År 1819 kom det opplysande matrikkelframlegget for Fåberg med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Hage nordre fortalt at buskapen der av store husdyr da var 2 hestar og 8 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 30 tønner. Brukar på Hage var da framleis Nils Amundsen. Men han skjøte i 1838 garden til Torger Amundsen, som i 1845 gav skjøte vidare til Amund Torgersen. – Frå denne tid er eit tinglyst kommisjonsforlik om utnyttinga av Åretta elv m.v. Forliket vart avslutta 1. Novbr. 1830 og tinglyst 2. Desmr. 1846. Frå året etter er ei skylddelingsforretning på Hage nordre, der ”2 de Løkker” vart fråskilt garden og skyldlagt for 20 skilling.

Frå denne tid er og ei kontrakt mellom Torger Amundsen og Amund Torgersen Hage om overdraging av eit jordstykke Svendsbakken til Peder Kristensen, som i 1855 skjøta Svendsbakken vidare til sonen Kristen Pedersen. Frå året etter er og ein makeskiftekontrakt av 1856 mellom garvermester Chr. Fagerholdt som eigar av Hage søre og Amund Torgersen som eigar av Hage nordre om m. a. plassen Hestmyrbakken. Endeleg var det i 1862 ei stor skylddelingsforretning der 15 parsellar av Hage nordre vart fråskilt og skyldsett for tilsaman 2 skylddalar 6 skilling.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det så om Haage nordre fortalt at garden da var utparsellert i 17 bruksnummer. Av desse hadde da Amund Hage hovudbruket Hage nordre med eit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på ca. 70 mål. Dessutan hadde A. Bergseng eit bruksnr. Hage med eit jordbruksareal på 24 mål, G. Larsen hadde Hage med areal 27 mål, A. Morterud ein parsell på 26 mål, A. G. Olstad hadde 12 mål, C. Svendsrud også 12 mål. N. Ambli: 7 mål og C. Andersen: 14 mål o.s.v. – I 1878 vart vidare plassen Svendsbakken og ei skogstykkje fråskilt garden og skyldlagt til 15 skill., og i 1882 gav ”Amund nordre Hage” kontrakt til eit nyskipa Skogen skytterlag på grunn til skytebane m. v.

Ved matrikuleringa i 1886 var det vorte 18 bruksnr. under gardsnr. 87 Hage nordre. Av desse fekk da hovudbruket Hage nordre ny matr.skyld 3,24 mark, og det var framleis Amund Torgersen som var eigar og brukar av garden. – men i 1889 gav Amund Torgersen skjøte til kjøpm. P. Engeland med hustru på Hage nordre og Flugsrudenga for kjøpesum kr. 3200,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1300,-.

### Hage søre

Peder Larsen, som var brukar på Hage søre i 1801, hadde garden til i 1823, da han skjøta garden til sonen Lars Pedersen. I hans brukartid kom altså matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Søndre Hage oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 6 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 25 tønner. Ved matrikuleringa i 1838 var Hage søre vorte delt i 3 løpenummer, som da fekk ny skyld rekna i skylddalar, ort og skilling. Dei 3 løpenr. var: 1. Løpenr. 227a Hage søndre av skyld 1 dalar, 2 ort, 4 skilling, som prokurator Jørstad da var eigar av, løpenr. 227b Hage søndre, også av skyld 1 dalar, 2 ort, 4 skilling, der Lars Halvorsen var oppsittar, 3. Løpenr. 227c Hage søndre, skyld 1 ort, 7 skill., som tilhørde Lars Larsen.

Sytten år seinare var det i 1856 garver Chr. Fagerholdt som åtte ein del av Hage søre. Han og Amund Torgersen på nordre Hage fekk da tinglese ein makeskiftekontrakt der Chr. Fagerholdt bytte eit skogstykkje i heimemarka mot ein del av plassen Hestmyrbakken. Men etter atter seks år selde i 1862 Chr. Fagerholdt sin del av Hage, sin del av Seter og sin del av Nordsetra til Andreas Morterud for kjøpesum 500 spd. + eit føderåd av grd. Hage til 5-årleg verdi 400 spd. Ved auksjon i A. Morteruds bu i 1866 kjøpte elles Chr. Fagerholdt dei same eigedommene att, med unntak av Nordsetra, men da for kjøpesum 400 spd. Samtidig kjøpte og kjøpmann A. G. Olstad ein parsell av Hage søndre og nordre Seter for kjøpesum 3000 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Hage søre oppgitt at garden da var delt i 3 løpenr. og dessutan eit mindre bruk. Dei 3 løpenr. var: Løpenr. 225a Hage søndre med eit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje på tilsm. 69 mål, og av dette var 46 mål jord av 1. klasse, som framleis Chr. Fagerholdt var eigar av. Vidare var under løpenr. 227b Hage søndre, der Hans Christensen var oppsittar, dei tilsvarande areal: 59 mål og 25 mål. Endeleg var dei tilsvarande areal på løpenr. 227c Hagehaugen: 29 mål og 17 mål. År 1885 var det ei større skylddelingsforretning også på Sønder Hage, og hovudbruket vart da delt i 5 parsellar.

Etter dette var det ved matrikuleringa i 1886 vorte nye gards- og bruksnr. på gardane og samtidig ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Hage i Fåberg fekk da nytt felles gardsnr. 87, og det var alt da under det felles gardsnr. 87 blitt 21 bruksnr. Av desse var 4 bruksnr. da unna Hage søre. – Etter ajourført matrikkel av 1904 hadde utparselleringa av Hage fortsatt, og talet på bruksnummer under grn. 87 var da kome opp i 35. Vi nemner og at ved kommunevalet i 1901 budde det 29 personar med røysterett på og/eller ved Hage. Av tidlegare bruk under garden er da nemnt: Dreierbakken, Sveinsbakken, Væverløkka, Mailund. Roa, Svingen, Bakken, Gullbæk.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 69 bruksnummer under gardsnr. 87 Hage. Av desse mange bruksnr. var det da 5 gardsbruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på tilsm. meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 87. Brn, 9, 10, 22, 24 m. fl. Hage søndre med eit jordbruksareal på ca. 70 mål, som Ole Magne Bjertnes da var eigar av, b. brn. 8, 37 Elverhøi, areal ca. 25 mål, eigar og brukar: Ola Lillevik, c. brn. 6, 20 Heimly, areal ca. 10 mål, eigar og brukar: Martin Jonhaugen, d. brn. 45 Hage, areal ca. 20 mål, eigar og brukar: Ole Seterengen, e. brn. 47 Hageringen, areal ca. 25 mål, eigar og brukar: Otto Ellingsberg.